



Aukra kommune


6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		32270/2012/	Einar Anda, 71 25 80 22	24.05.2012

## Aukra kommune, Julsundet, planlagt hyttefelt på gbnr 21/1. Skredfare

Vi viser til avtale om vurdering av skredfare av eit planlagt hyttefelt. Delar av dette arealet ligg innanfor "potensiell faresone for stein- og snøskred" i "Skredatlas" (skrednett.no, NVE), jf. kartvedlegget. Dette krev dokumentasjon av den faktiske skredfaren.

Sikkerhetskravet til hytter med omsyn til skred er sikkerhetsklasse S2 i den bygningstekniske forskrifta, § 7-3. Denne sikkerhetsklassa tillet "eit nominelt sannsyn" for skred inntil 1/1000 pr år for kvar einingsbreidd 30 meter på tvers av skredretninga - eller at kvar einingsbreidd (30 m) skal ligge utanfor "tusensårsskredet" si rekkjevidde. Det aktuelle arealet har ei lengd på vel 240 m langs foten av fjellsida. Dette betyr at heile dette arealet sett under eitt, vil bli truffe oftare av skred enn kvar einingsbreidd (30 m) for seg. Forskrifta gjeld altså det siste.



Vi har vurdert skredfaren ut frå ein analyse av kart og flyfoto (GISlink.no og norgei3D.no) og synfaring. Det aktuelle arealet ligg under den 300-400 m høge vestvendte sida av Ramnfloget, med eit nesten loddrett parti mellom 100 og 250 moh. Denne fjellsida er utsett for steinsprang (utfall av eit avgrensa tal blokker med samla volum under 1000 m<sup>3</sup>) og steinskred (volum 1000 – 100 000 m<sup>3</sup>).

Vi er samde med faresoneringa i "Skredatlas", med eitt unntak: Etter vårt syn tek ikkje nemnde faresone nok omsyn til ei skredvifte som ligg ved kommunegrensa. Denne skredvifta er bygd opp av eit stort tal steinsprang og steinskred etter den siste istida, dvs. over ein periode på 14-15 tusen år. I denne vifta ligg det eit samanhengande dekke av skredblokker om lag ned til fylkesvegen (merka med heiltrukne lilla linjer). Utanfor dette ligg det spreidde skredblokker som representerer sjeldne, langtrekkjande skred (markert med stipla lilla linjer). Rundt 1980 gjekk det eit steinsprang ned på fylkesvegen, like sør for kommunegrensa. Elles kjenner ein ikkje til historiske skred ned til fylkesvegen.

I den sørlege delen av det aktuelle arealet ligg grensa for "tusenårsskredet" etter vår vurdering noko **utanfor** "faresona for stein- og snøskred". I det søraustlege hjørnet av det vurderte arealet kan sannsynet for skred pr 30 m einingsbreidd vere i storleik 1/1000 pr år, like gjerne over som under.

Lenger mot nord går grensa for "tusenårsskredet" ovanfor (aust for) det vurderte arealet, det vi seie noko inne i "faresona for stein- og snøskred" i "Skredatlas".

Vår råd er at ein tek ut eit område i den søraustlege delen av hyttefeltet, vist med grå tone på kartvedlegget).

Med helsing

Eivind V. Ryste  
gruppeleiar

Einar Anda  
fylkesgeolog